

Møteprotokoll

KIKS - Representantskapet

Møtestad: Dyreparken hotell

Dato: 15.12.2017

Tid: 10:00

Følgende politikere møtte:

Namn	Funksjon	Vara for
Anders Kylland	Medlem	
Knut Austad	Medlem	
Nils Harald Rennestraum	Medlem	
Sally Vennesland	Medlem	
Robert Cornels Nordli	Medlem	
Leiv Rygg	Medlem	
Bjørn Ropstad	Medlem	
Jan Sigbjørnsen	Medlem	
Ove Gundersen	Medlem	
Per Svenningsen	Medlem	
Margrethe Handeland	Medlem	
Ole Magne Omdal	Medlem	
Janne Fardal Kristoffersen	Nestleder	
Helge Sandåker	Medlem	
Thor Jørgen Tjørhom	Medlem	
Steinar Kyrvestad	Medlem	
Eivind Drivenes	Medlem	
Reidar Saga	Leder	
Olav Åsland	Medlem	
Anne Kari Birkeland	Varamedlem	

Frå administrasjonen og andre som møtte:

Namn
Anne Liv Lidtveit
Glenn Qvam Håkonsen
Terje Damman
Mari Mykland
Bent Sørensen

Reidar Saga, Åmli kommune hadde fullmakt frå Iveland kommune
Thor Jørgen Tjørhom, Sirdal kommune, hadde fullmakt frå Kvinesdal kommune og Audnedal kommune

Godkjenning av innkalling og sakliste:

Representantane hadde før møtet fått tilsendt ein e-post frå leiar Reidar Saga, om eventuelt suppleringsval til styret etter at Torhild Bransdal er valt inn på Stortinget. Spørsmålet som vart fremja fyrst var om representantskapet kunne godta opprykk frå vararepresentantlista, eller om det var nødvendig med suppleringsval.

Representantane ønskte suppleringsval, og godtok deretter at dette blei sett opp på saklista som sak 8/17.

Sakliste og innkalling blei samrøystes godkjent som den føreligg med tillegg sak 8/17
Suppleringsval til styret.

Kristiansand, 15.12.2017

Anne Liv Lidtveit
Utvalssekretær

Godkjenning av møteprotokoll.

Saksnummer	Innhold
PS 3/17	Godkjenning av møteprotokoll
PS 4/17	Strategiplan og etiske prinsipp 2018-2023
PS 5/17	Tertialrapport 2 tertial 2017
PS 6/17	Justering av budsjett 2017
PS 7/17	Budsjett 2018 og økonomiplan 2019-2021
PS 8/17	Suppleringsval til styret

PS 3/17 Godkjenning av møteprotokoll

Saksprotokoll i KIKS - Representantskapet - 15.12.2017

Handsaming:

Møteprotokollen frå representantskapsmøte 15. juni 2017 blei samrøystes godkjent. Framlegg frå Reidar Saga: Leiv Rygg og Eivind Drivenes signerer møteprotokoll frå møte 15. juni 2017.

Representantskapet valde to til å signere protokollen frå dette møtet. Framlegg frå Reidar Saga: Thor Jørgen Tjørhom og Margrethe Handeland signerer møteprotokoll frå møte 15. desember 2017.

Vedtak:

Leiv Rygg og Eivind Drivenes signerer møteprotokoll frå møte 15. juni 2017. Thor Jørgen Tjørhom og Margrethe Handeland signerer møteprotokoll frå møte 15. desember 2017.

PS 4/17 Strategiplan og etiske prinsipp 2018-2023

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 13.11.2017

Handsaming:

Tilrådinga blei samrøystes vedtatt.

Vedtak:

Strategiplan og etiske prinsipp 2018-2023 blir vedtatt.

Saksprotokoll i KIKS - Representantskapet - 15.12.2017

Handsaming:

Styreleiar Terje Damman orienterte om Strategiplan og etiske prinsipp 2018-2023 gjennom presentasjon. Tilråding blei samrøystes vedtatt.

Vedtak:

Strategiplan og etiske prinsipp 2018-2023 blir vedtatt.

PS 5/17 Tertialrapport 2 tertial 2017

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 13.11.2017

Handsaming:

2. tertial er ikkje revidert, og ein har derfor ikkje klart noko revisorgodkjent rekneskap per nå. Grunnen til dette er at ein har starta eit grundig arbeid med rekneskapsfører og revisor, for å lette revisjonen og med det klare å halde oss innanfor prisen på revisjon i anbodet.

Framlegg frå styreleiar Terje Damman:

Med bakgrunn i at revisor ikkje har revidert 2. tertial, tek styret saka til orientering utan å vedta.

Nytt framlegg til vedtak:

Tertialrapport for 2. tertial blir tatt til orientering.

Styret tok stilling til tertialet slik det føreligg.

Framlegg frå styreleiar Terje Damman blei samrøystes vedtatt.

Vedtak:

Tertialrapport for 2. tertial blir tatt til orientering.

Saksprotokoll i KIKS - Representantskapet - 15.12.2017

Handsaming:

Dagleg leiar Glenn Qvam Håkonsen orienterte om Tertialrapport 2. tertial.

Når saka var i styret var ikkje rapporten gjennomgått av revisor. Rapporten frå revisor er derfor ikkje gått gjennom av styret, men er lagt med i saka til representantskapet.

Framlegg frå Reidar Saga: Tertialrapport for 2. tertial blir vedtatt.

Fremlegget frå Reidar Saga blei samrøystes vedtatt.

Vedtak:

Tertialrapport for 2. tertial blir vedtatt

PS 6/17 Justering av budsjett 2017

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 13.11.2017

Handsaming:

Dagleg leiar Glenn Qvam Håkonsesen orienterte.

Ein har i punkt 4 vore noko upresis i formuleringa. Dei fleste postane blir justert etter tal ein hadde per 31.8., men også nokre postar i budsjettet blir justert per 30.9. og 31.10.

Tilrådinga blei samrøystes vedtatt.

Vedtak:

Justeringane i budsjett for 2017 vert vedteken

Saksprotokoll i KIKS - Representantskapet - 15.12.2017**Handsaming:**

Tilråding samrøystes vedtatt.

Vedtak:

Justeringane i budsjett for 2017 vert vedteken

PS 7/17 Budsjett 2018 og økonomiplan 2019-2021**Saksprotokoll i KIKS - Styret - 13.11.2017****Handsaming:**

Dagleg leiar Glenn Qvam Håkonsen orienterte.

Presisert at det som i vedlegget er omtalt som Budsjett 2017, er justert budsjett for 2017 i samsvar med sak 161/17.

Tilrådinga blei samrøystes vedtatt.

Vedtak:

Budsjett 2018 og økonomiplan 2019-2021 vert vedteken

Prognose utbetaling til deltakarar 2018 vert vedteken

Saksprotokoll i KIKS - Representantskapet - 15.12.2017**Handsaming:**

Dagleg leiar Glenn Qvam Håkonsen orienterte.

Viste representantskapet reknearka administrasjonen arbeider med i det daglege, som blir brukt for å kome fram til utbetalingsprognosene.

Tilrådinga blei samrøystes vedtatt.

Vedtak:

Budsjett 2018 og økonomiplan 2019-2021 vert vedteken

Prognose utbetaling til deltakarar 2018 vert vedteken

PS 8/17 Suppleringsval til styret

Saksprotokoll i KIKS - Representantskapet - 15.12.2017

Handsaming:

Torhild Bransdal er valt inn på Stortinget, og går derfor ut av styret. Representantskapet gjennomfører med bakgrunn i dette eit suppleringsval til styret.

Framlegg frå Steinar Kyrvestad: Margrethe Handeland, Hægebostad kommune går inn i styret på Torhild Bransdal sin plass. Varamannslista blir uendra.

Framlegget blei samrøystes vedtatt.

Vedtak:

Margrethe Handeland, Hægebostad kommune går inn i styret på Torhild Bransdal sin plass. Varamannslista blir uendra.